

# Retningslinjer for kommunalt næringsfond i Ørskog kommune

Revidert 06.04.2017, sak 41/17

Kommunalt næringsfond skal nyttast til å styrke **nyskaping, innovasjon og næringsutvikling** i kommunen.

## 1 Kapital og avkastning

Vedtekter for næringsfondet i Ørskog kommune støtter krava i Møre og Romsdal fylkeskommune sine retningslinjer for kommunale næringsfond, vedtekne av nærings- og miljøutvalet i 11.03.03 (administrativt oppdatert 25.02.10)

Næringsfondet vert finansiert av

- a. årleg løyving frå Møre og Romsdal fylkeskommune
- b. renter og avkastning av fondskapitalen
- c. eventuelle eigne midlar som kommunestyret har løyvd til fondet

Fondsmidlane skal plasserast på renteberande konto. Alle renter og anna avkastning av fondet skal takast som inntekt til fondet, og må disponerast i samsvar med vedtektene.

## 2 Føremål

Næringsfondet skal nyttas til støtte til

- a. Bedriftsretta tiltak, som til døme etablerarstipend, kompetanseheving, produktutvikling, marknadsføring, marknadsundersøkingar og planlegging
- b. Generelle tilretteleggande tiltak i regi av kommunen, som til døme etableraropplæring, samarbeid skule/næringsliv, omdømme, og etablering av lokale nettverk og samarbeidstiltak
- c. Organisasjonar

Prioriteringa gitt i strategiske planar i kommunen skal vera retningsgjevande. Prosjekter som fører til betre sysselsetting for kvinner, ungdom (under 35 år) og innvandrargrupper skal prioriterast ved tildeling frå næringsfondet. Det same gjeld for søknadar som har ein klar klima- og miljøretta profil.

Støtte skal fortrinnsvis gis som tilskott. Jamfør kommunelova § 51 kan næringsfondet ikkje setjast som garanti for lån til næringsverksemd.

## 3 Vilkår

Prosjekt som har eit samla kapitalbehov på meir enn kr 300.000 må sende søknad om støtte til Innovasjon Norge. Stønad frå næringsfondet kan maksimalt utgjere 50 % av det samla kapitalbehov for prosjektet; det vil seie at eit prosjekt får maksimalt kr 150.000.

Næringsfondet skal ha **utløyssande effekt** på tiltaket; det vil seie at tiltak ikkje vil bli gjennomført utan stønad.

Det kan ikkje gis støtte til sanering av gjeld eller til ordinær drift av verksemd. Det kan ikkje gis støtte til fysiske investeringar eller tiltak. Det same gjeld kommunens ordinære oppgåver med næringsutvikling eller fysisk infrastruktur.

Bedriftsretta støtte skal ikkje vere av eit slikt omfang at det kan oppfattast som urettmessig konkurransevridande lokalt. Det kan ikkje gis støtte som er i strid med internasjonale avtaler der Noreg er part. Det kan derfor ikkje gis støtte til primær stålproduksjon, til transport eller til direkte eksportkostnader, inkludert etablering og drift av distribusjonsnettverk.

Næringsfondet kan ikkje nyttast til teikning av aksjar.

Støtte gis berre til søkjarar som har gjennomført oppstartssamtale (1 time rettleiing om forretningsplan mm) med konsultentselskap som Ørskog kommune har avtale med. Søkjar tek sjølv initiativ til oppstartssamtale. Mottakar av støtte forpliktar seg til oppfølgingsmøte med same konsultentselskap for å fortelje om korleis satsinga har gått. Dette

gjer søkaren ein moglegheit til å få gode råd til det vidare arbeidet med prosjektet.

#### **4 Prosedyrar**

Rådmannen innstiller på kven som skal få støtte. Vurdering av søknadane kan gjerast isamråd med eksterne konsulentar.

Det er Ørskog formannskap som avgjer søknadane. Anke skal avgjerast av Ørskog kommunestyre.

Kommunen skal etter vedtak sende tilsegnsbrev med vilkår for tilsegna. Tilsegnsbrevet skal gi ein frist for ferdigstilling og rapportering, og gjere greie for prosedyrar og dokumentasjonskrav knytt til utbetalinga. Tilsegnsbrevet skal gi opplysningar om klagerett jamfør kommunelova § 29 og forvaltningslova § 28.

Sluttutbetaling skal alltid skje etterskotsvis mot rapport og rekneskap.

#### **5 Forvaltning**

Utdeling frå næringsfondet skal lysast ut på heimesida til kommunen og i Bygdebladet minimum 2 gonger i året. Søknader til næringsfondet vert handsama fortløpande, og vert behandla i formannskapet. Inntil 50 % av disponibel kapital kan nyttast første halvår.

#### **6 Søknad**

Søknad vert sett opp på eige søknadsskjema via portalen [www.regionalforvaltning](http://www.regionalforvaltning)

Søknaden skal innehalde:

- Søkarens namn, bedriftsnamn, adresse, organisasjonsnummer, e-post og telefon
- Bakgrunn for søknaden
- Presise og realistiske mål – resultatmål og effektmål
- Realistisk prosjektplan med milepelar og aktivitetsplan og resultatplan
- Budsjett med kostnadsoverslag og finansieringsplan med margin for mulig usikre moment
- Oversikt over mottatt offentlege støtte siste tre år
- Det skal leggjast ved siste års rekneskap og budsjett for inneverande år.

#### **7 Rapportering**

Før utbetaling av tilskotet skal søkaren legge fram prosjektrekneskap og rapport. For tilskot over kr 100.000 er det krav om revisorattestert prosjektrekneskap.

For delutbetaling, inntil 75 % av løyvd tilskot, er det krav om ein midlertidig rapport og prosjektrekneskap.

#### **8 Anna**

Søknad til næringsfondet er ei offentleg sak (Jamfør Offentleglova). Søknaden vert lagt ut på postlista på heimesida til kommunen, og vert dermed open for innsyn. Personopplysningar og anna sensitiv informasjon som til dømes i forretningsplanar og om økonomiske forhold, vil ikkje bli synleggjorde.

